



NVE

Grunngjeving for vedtak

Uttak av grunnvatn i Øvredalen

Masfjorden kommune i Vestland fylke



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Tiltakshaver

Masfjorden kommune

Referanse

202609862-7

Dato

31.08.2026

Ansvarlig

Silje Aakre Solheim

Saksbehandler

Marianne Ask

Dokumentet sendes uten underskrift. Det er godkjent i henhold til interne rutiner.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:
www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Innhald

NVE sin konklusjon	2
Søknad	2
Høyring og distriktsbehandling	6
NVE si vurdering	6
NVE sin konklusjon	10
Forholdet til anna lovverk	10
Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressursloven	10

Samandrag

Masfjorden kommune i Vestland har behov for å auke kapasiteten ved Masfjorden vassverk. I tørre periodar klarer ikkje vassverket å dekke etterspørselen og innbyggjarane får i desse periodane restriksjonar på bruk. Kommunen planlegg difor eit nytt grunnvassanlegg sør for Storevatnet i Øvredalen, og søker om eit maksimalt uttak på 25 l/s. Vassuttaket skal fordelast på to grunnvassbrønnar (B1 og B2) etablert i breelavsetningar i 2022. Utløpselva til Meisdalsvatnet renn like vest for brønnområdet, medan brønn B2 ligg nær Storevatnet og får delvis indusert vatn derifrå i tørrare periodar. Grunnvasstraumen ved brønnane er berekna til å vere om lag 60 l/s. Langtidsprøvepumping og vassanalysar viser trygg og nok tilgang til vatn.

NVE behandlar i denne saka sjølve vassuttaket, inkludert grunnvassbrønnane, og leidningar fram til vassmål. Grunnvassbrønnane er allereie etablert grunna naudsynt prøvepumping.

Den nye vasskjelda er etablert på eit området med *naturbeitemark*, som er ein raudlista naturtype. Restriksjonar rundt brønnane medfører at området blir inngjerda og beite forbode, og utan beite vil naturtypen gradvis forsvinne. Tiltaket vil dermed vere i strid med naturmangfaldlova § 4 som seier at målet er å ivareta naturtypen med sine funksjonar i sitt naturlege utbreideområde.

Statsforvaltaren ser at naturbeitemarka vil forsvinne med inngjerdinga av grunnvassbrønnane, men meiner uttak av vatn til drikkevassføremål har høg prioritet mot andre samfunnsinteresser og vil ikkje motsette seg planane. Mattilsynet uttala at dei vurderer det svært viktig at Masfjorden vassverk stettar kravet til leveringssikkerheit, og ber NVE om å leggja vekt på dette viktige samfunnsmessig perspektivet ved handsaming av søknaden.

Dei aller fleste prosjekta vil ha enkelte negative konsekvensar for ei eller fleire allmenne interesser. For at NVE skal kunne gje konsesjon til tiltaket må ikkje dei samla ulempene vere av eit slikt omfang at dei overstig fordelane ved tiltaket. Som ein del av konsesjonsvilkåra kan NVE setje krav om avbøtande tiltak for å redusere ulempene til eit akseptabelt nivå.

NVE meiner brønnområdet er veldig godt eigna som vasskjelde og vektlegg leveringssikkerheita av trygt og nok drikkevatt til befolkninga. Ei god vasskjelde har i dette tilfellet større samfunnsnytte enn å bevare naturbeitemarka. NVE meiner difor at fordelane ved tiltaket overstig skader og ulemper for allmenne interesser.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Masfjorden kommune løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av maksimalt 25 l/s grunnvatn frå grunnvassbrønnar etablert sør for Storevatnet i Øvredalen. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Søknad

NVE har mottatt følgjande søknad frå Masfjorden kommune, datert 26.02.2026:

«Masfjorden kommune søker etter vassressurslova §45 om følgjande uttak av grunnvatn frå et grunnvassmagasin i Øvredalen til forsyning av drikkevatt til Masfjorden vassverk:

- *Gjennomsnittleg uttak over året: 21 l/s (1 814 m³/døgn eller 662 256 m³/år)*
- *Maksimalt døgnuttak: 2 160 m³/døgn (25 l/s)»*

Hovuddata for uttak av grunnvatn

Masfjorden vassverk er det største vassverket i kommunen og leverer i tillegg vatn til nabokommunen Gulen. Kapasiteten til vassverket er nådd, og i tørkeperiodar om sommaren må vassverket gje abonnentane forbod mot bruk av vatn til anna enn husholding. Det nye grunnvassanlegget i Øvredalen skal bli ny hovudvasskjelde for Masfjorden vassverk, medan dagens vasskjelde skal fungere som reservevasskjelde i kommunen. Masfjorden kommune har søkt om eit uttak på inntil 25 l/s og estimerer eit gjennomsnittleg uttak på 21 l/s. Omsøkt uttak sikrar dagens vassforbruk til eksisterande brukarar og tar høgde for auke til forventa vekst i næringsliv og nye abonnentar.

Tilsig er berekna ved brønnområdet sør for Storevatnet i utlaupselva til Meisdalsvatnet.

TILSIG

Nedbørfelt	km ²	12,3
Middelavrenning	mm/år	4282,4
Spesifikk avrenning	l/(s · km ²)	135,7
Middelvassføring ved innløp i Storevatnet	l/s	1636
Alminneleg lågvassføring	l/s	144
5-persentil sommar (1/5-30/9)	l/s	177
5-persentil vinter (1/10-30/4)	l/s	143

GRUNNVASSUTTAK

Terrengoverflate	moh.	ca. 10
Naturleg grunnvassstraum ut i Storevatnet utan pumping	l/s	ca. 60

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat


Areal grunnvassmagasin	km ²	0,15
Gjennomsnittleg uttak	l/s	21 (1814 m ³ /døgn)
Maksimalt samlet uttak	l/s	25 (2160 m ³ /døgn)
Antall brønnar	stk.	2
Antall undersøkelsesbrønnar	stk.	8

Om søkjar

Masfjorden kommune er tiltakshavar og eigar av Masfjorden vassverk.

Skildring av området

Det nye brønnområdet ligg i munninga av Øvredalen sør for Storevatnet. Dalen er omkransa av bratte fjellsider medan tiltaksområdet ligg på flatliggande breelvavsetningar. Fram til nyleg var området nytta til utmarksbeite, tiltaksområdet er no gjerda inne. Utløpselva frå Meisdalsvatnet renn sør og vest for brønnområdet og vidare ut i Storevatnet, og i aust er det etablert ein adkomstveg til Svartdalen kraftverk oppstraums i dalen.



Figur 1 Oversiktskart Øvredalen.



NVE


Norges vassdrags-
og energidirektorat



Figur 2 Oversiktsbilder Øvredalen, Storevatnet og brønnområdet sett frå søraust. Foto henta frå søknad.

Teknisk plan

To grunnvassbrønner vart etablert i 2022 og har fram til no berre vore nytta til prøvepumping. På sikt er det aktuelt å etablere ein tredje brønn for å fordele vassuttaket og auke forsyningssikkerheita. Det er etablert ein trafo og eit teknisk hus for styring av pumper og seinare etablering av UV-anlegg.



Figur 3 Oversiktskart over tekniske installasjonar. Kartet er henta frå søknad.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Grunnvassmagasinet er todelt med eit ope magasin med grusig sand i øvre del, avskilt med fin sand frå eit nedre lukka magasin av grov sand. Brønnane har difor to filterdjup. Kum blir etablert rundt brønnane som er heva over terreng og sikra mot 1000-års flom. Tabellen under viser spesifikasjonar for B1 og B2.

Spesifikasjon	Enhet	Produksjonsbrønn B1	Produksjonsbrønn B2
Spesifikk kapasitet	l/s pr. meter senkning	15	25
Naturlig grunnvannsspeil u/ terreng. (usikkert pga få målinger uten at det pumpes)	m	3,4 – 5 (målt i Pb-b2 pga filtertap i B1)	1,7-3
Maks. uttak	l/s	13	15
Normalt uttak	l/s	12,5	12,5
Brønntype		Rørbrønn i løsmasser	Rørbrønn i løsmasser
Total dybde u/ brønntopp	m	21,15	20,42
Total dybde u/ terreng	m	20,62	18,92
Filterplassering u/ brønntopp i øvre magasin	m	10,55 -13,55m	8,42-11,42m
Filterplassering u/ terreng i øvre magasin	m	10,02-13,02m	6,92-9,92m
Filterplassering u/ brønntopp i nedre magasin	m	19,05-20,55m	18,92-20,42m
Filterplassering u/ terreng i nedre magasin	m	18,52-20,02m	17,42-18,92m
Grunnvannsspeil u/ terreng ved pumping	m	3,4 – 7,4 (målt i Pb-b2 pga. filtertap i B1)	1,7 – 3,3

Veg

Adkomstvegen til Svartdalen kraftverk blir nytta som tilkomstveg til brønnområdet og det er ikkje behov for å etablere nye vegar i forbindelse med planane.

Eigedomsforhold

Masfjorden kommune informerte grunneigarar og rettshavarar om planane for det nye grunnvassanlegget på grunneigarmøte 13.11.2025. Kommunen utarbeidar forslag til avtaler som blir sendt til påverka grunneigarar og vil forhandle med kvar enkelt. Områda innanfor sone 1A (inngjerda), vil kommunen inngå kjøpsavtale for. Dei andre områda, inkludert sone 1B, vil omfattast av forbod og rettigheter, og skal difor tinglysast

Arealbruk

Tiltaksområdet ligg i munninga av Øvredalen og er omkransa av bratte fjellsider. Det går ein adkomstveg forbi brønnområdet og inn til Svartdalen kraftverk, elles er det utmarksbeite for sau i området. Området nyttast noko til rekreasjon/friluftsliv, men utover dette er området i liten grad prega av menneskeleg aktivitet, busetnad og infrastruktur.

Forholdet til offentlege planer

Kommuneplan

I gjeldande kommuneplan (2018-2030) er tiltaksområdet avsett til LNFR-formål. Ved revisjon av kommuneplanens arealdel vil det bli lagt inn ei omsynssone «H300 – sikring av drikkevatt» i henhold til sonegrensene i klausuleringsplanen.

Verneplan for vassdrag

Vassdraget er ikkje verna.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Nasjonale laksevassdrag

Vassførekomsten er ikkje del av nasjonale laksevassdrag eller laksefjorlar.

Vassforskrifta

Tiltaksområdet er del av grunnvassførekomst 067-000-G Andvik, som i Vann-Nett strekk seg frå Masfjorden og opp til Svartdalen kraftverk. Førekomsten er i Vann-Nett registrert med *god kvantitativ tilstand og god kjemisk tilstand*. Utløpselva til Meisdalsvatnet, som renn forbi brønnområdet, er i Vann-Nett registrert med dårleg økologisk tilstand grunna sur nedbør og hydrologiske endringar knytt til kraftproduksjon.

Høyring og distriktsbehandling

Søknaden er behandla etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova. Den er kunngjort og lagt ut til offentleg ettersyn. I tillegg har søknaden vore sendt lokale myndigheiter, interesseorganisasjonar og involverte partar for uttale. Søkjar har fått høve til å kommentere høyringsuttalane.

Høyringspartane sine eigne oppsummeringar er referert der slike finnst. Andre uttalar er forkorta av NVE. Fullstendige uttalar er tilgjengelege via offentleg postjournal og NVE sine nettsider.

NVE har motteke følgjande kommentarar til søknaden:

Mattilsynet uttalar i brev av **30.06.2026** at dei vurderer det svært viktig at Masfjorden vassverk stettar kravet til leveringssikkerheit, og meiner det omsøkte tiltaket vil kunne sikre innbyggjarane tilgang til trygt og nok vatn. Dei ber NVE om å leggje vekt på dette viktige samfunnsmessig perspektivet ved handsaming av søknaden.

Vestland fylkeskommune skriv i brev av **19.08.2026** at vassførekomstane Storevatnet bekker (067-177-R) og Meisdalsvatnet utløpselv (0667-260-R) er registrert med høvesvis *svært dårleg og dårleg* økologisk tilstand og ligg i nærleiken av den nye vasskjelda. Fylkeskommunen meiner det er viktig at planane ikkje hindrar vassførekomstane i å oppnå *god* økologisk tilstand, og har elles ingen merknader.

Statsforvaltaren skriv i brev av **19.08.2026** at tiltaket vil få konsekvens for terrestrisk naturmiljø, då inngjerdinga vil føre til tap av naturbeitemarka. Dei meiner vassuttak til drikkevassføremål har høg prioritet opp mot andre samfunnsinteresser, og meiner planane elles er venta å få små konsekvensar for naturmiljøet. Dei legg til grunn at tiltaket skjer med minst mogleg nye varige naturinngrep.

NVE si vurdering

NVE vurderer berre vassuttaket, inkludert grunnvassbrønnane, og naudsynte leidningar fram til vassmål. Grunnvassbrønnane er allereie etablert for naudsynt prøvepumping.

Masfjorden kommune og vassverk etablerte i 2022 to grunnvassbrønner like sør for Storevatnet ved munninga av Øvredalen. Grunnvassbrønnane skal fungere som ny hovudvasskjelde for vassverket, medan dagens vassuttak skal vere reserveforsyning. Masfjorden kommune søker om eit maksimalt uttak på 25 l/s og forventar eit gjennomsnittleg uttak på 21 l/s. Uttaket vil sikre tilstrekkeleg tilgang vatn til brukarar i kommunen og nabokommunen Gulen.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Hydrologiske verknader av tiltaket

Grunnvassbrønnane ligg på breelvavsetningar og er omkransa av Storevatnet i nord og utløpselva til Meisdalsvatnet i vest og sør. Brønnane nyttar eit nedbørfelt på 12,3 km² og middelvassføringa i elva er ca. 1636 l/s. Alminneleg lågvassføring er i Nevina estimert til 144 l/s. Lågast vassføring er gjennom vinterhalvåret og 5-persentil frå 01/10 - 30/04 er på 143 l/s.

Masfjorden kommune søker om eit maksimalt vassuttak på 25 l/s. Målingar utført i grunnvassreservoaret bereknar ein straum i grunnen på ca. 60 l/s ved brønnområdet. Brønn B2 får noko indusert vatn frå Storevatnet i tørrare periodar, men uttaket er ubetydeleg måla opp mot storleiken av vatnet og vil ikkje medføre negative verknader. Pumpetestar viser at uttak av 25 l/s medfører ein lokal senking av grunnvasstanden rundt brønnane. Vidare medfører utaket ei avgrensa, lokal endring av grunnvasstraumen, kor grunnvasstraumen går frå å strøyme parallelt med elva til å trekke noko meir frå søraust ved brønn B1. NVE meiner det er naturleg at vassuttaket vil medføre at meir elvevatn blir trekt inn i grunnen mot brønnane, men at omsøkt vassuttak er så lågt at vassføringa i elva ikkje blir redusert nemneverdig. Pumpetestar viser elles balanse mellom grunnvassuttaket og nydanninga av grunnvatn, og grunnvasstanden stig raskt tilbake etter enda pumpetest. NVE vurderer verkingane av tiltaket som ubetydeleg.

Naturmangfald

Naturtypar og artar

Søk i Naturbase og Artskart 14.08.2026 viser at brønnområdet ligg innanfor naturtypen *naturbeitemark* (CR) som er registrert med svært stor verdi. Brønnane er etablert på breelvavsetningar merka som geologisk arv (Meisdalen), og i 1985 blei området forslått som eit kvartærgeologisk verneverdig objekt med sine markerte marine terrassegrenser. Området har aldri blitt verna, men er registrert med *historisk verneforslag*. Av artar er det fleire registreringar av ål nedstraums Storevatnet, og ein kan ikkje utelukke at ål vandrar i elva forbi brønnområdet. Det er elles registrert vipe (CR), fiskemåke (VU) og gråmåke (VU) i dalen.

Statsforvaltaren påpeiker at inngjerdinga av inntakksbrønnane vil føre til tap av naturbeitemarka, men at drikkevassføremål har høg prioritet, og at dei elles legg til grunn at etableringa av brønnane skjer med minst mogleg nye varige naturinngrep.

NVE meiner vassuttaket er beskjedent og vil ikkje ha betydning for eventuelle ål som vandrar i elva. Dei raudlista fuglane blir heller ikkje påverka av planane. Vidare meiner vi at planane ikkje vil ha nemneverdige konsekvensar for breelvaavsetningane, og såleis ikkje forringe den geologisk arva. Den nye vasskjelda vil derimot sterkt forringe naturtypen *naturbeitemark*, då området er gjerda inne og beite vil vere forbode for å sikre reint drikkevatt. Inngjerding vil ramme heile naturtypen, og det er ingen avbøtande tiltak for å ivareta naturtypen. Denne konsekvensen vil derfor leggst vekt på som ein ulempe i vår vurdering av om det kan gis konsesjon.

Forholdet til naturmangfaldlova

Alle instansar med myndigheit innan forvaltning av natur, eller som tek avgjersler som har verknad for naturen, er pliktige etter naturmangfaldlova § 7 å vurdere det planlagde tiltaket opp mot naturmangfaldlova sine relevante paragrafar. I NVE si vurdering av søknaden om grunnvassuttak i Øvredalen legg vi til grunn prinsippa i §§ 8-12 samt forvaltningsmåla i naturmangfaldlova §§ 4 og 5.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Kunnskapen om naturmangfaldet og effekt av ev. påverknad er basert på den informasjonen som er lagt fram i søknaden, høyringsuttalar og NVE sine egne erfaringar. NVE har også gjort egne søk i tilgjengelege databasar som Naturbase og Artskart den 14.08.2026. Etter NVE si vurdering er det innhenta tilstrekkeleg informasjon til å kunne fatte vedtak, og for å vurdere tiltaket sitt omfang og verknadar på det biologiske mangfaldet. Samla sett meiner NVE at kunnskapsgrunnlag er godt nok utgreidd, jamfør naturmangfaldlova § 8.

I influensområdet til grunnvassbrønnane finst naturtypen *naturbeitemark (CR) med høg kvalitet*, mogleg ål (VU), samt ei rekke raudlista fugleartar. Vassuttaket vil ikkje kome i konflikt med forvaltningsmålet for korkje ål eller fuglar, med ei inngjerding av området og følgande forbod mot beite vil føre til at *naturbeitemarka* med tida forsvinn. Inngjerding og forbod av beite i tiltaksområdet vil etter NVE si mening vere i konflikt med forvaltningsmålet for naturtypar og økosystem gjeve i naturmangfaldlova § 4, men ikkje for forvaltningsmålet for artar i naturmangfaldlova § 5. Konflikten med forvaltningsmålet, vil vektleggast i vår vurdering av fordeler og ulemper.

NVE har også sett påverknaden frå grunnvassuttaket i samanheng med anna påverknad på naturtypane, artane og økosystemet. Svartdalen kraftverk er etablert lenger oppstraums i Øvredalen, men planane om ny vasskjelde sør for Storevatnet vil ikkje endre vassføringa eller habitat i elva. Den nye vasskjelda vil dermed ikkje føre til auka belastning av vassførekomsten. Den samla belastninga på økosystemet og naturmangfaldet er såleis vurdert, jamfør naturmangfaldlova § 10. Den samla belastninga er vurdert til ikkje å vere så stor at den er avgjerande for konsesjonsspørsmålet.

Etter NVE si vurdering føreligg det tilstrekkeleg kunnskap om verknadar tiltaket kan ha på naturmiljøet, og NVE meiner at naturmangfaldlova § 9 (føre-var-prinsippet) ikkje skal vektleggast i særleg grad.

Avbøtande tiltak og utforminga av tiltaket vil bli spesifisert nærare i våre merknadar til vilkår dersom det vert gjeve konsesjon. I tråd med naturmangfaldlova §§ 11-12, vil det vere tiltakshavar som ber kostnadane av dette.

Landskap, friluftsliv og brukarinteresser

Øvredalen har ein smal og djup dalform skåre ned i omkringliggjande fjell. Det er lite menneskeleg aktivitet, busetnad og infrastruktur med unntak av vegen inn til Svartdalen kraftverk. Brønnane med tilhøyrande sikkerheitssonar ligg innanfor friluftområdet *Andvikdalen*, og det er fiske i Storevatnet. Fiske vil framleis vere tilgjengeleg for allmennheita, men sikringssona rundt vasskjelda medfører inngjerding av strandområdet sør i Storevatnet. Det blir elles forbod mot camping og oppstilling av bubilar innanfor sone 2. Arealbeslaget vil forringe brukarinteresser noko, men NVE meiner at dette er akseptabelt.

Kulturminne

Kulturminnesøk 17.08.2026 viser ingen funn i eller ved tiltaksområdet. Dette betyr imidlertid ikkje at det ikkje finnast. Dersom ein ved anleggsarbeid treff på spor etter kulturminne eller kulturmiljø skal arbeid stansast og fylkeskommunen bli kontakta for nærare vurdering.



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Naturfare

I følge NVE sine aktsomheitskart, ligg brønnane flaum- og skredutsett til. Brønnane er heva over terreng og tilfredsstiller krava ift. 1000-års flaum, og brønnekummar blir utforma rundt brønnane for å gjere dei mindre sårbare for eventuelle snøskred og steinsprang.

Vassforskrifta

Ny aktivitet eller nye inngrep skal vurderast etter vassforskrifta § 12. Det omsøkte vassuttaket vil påverke grunnvassførekomst 067-000-G Andvik. Grunnvassførekomsten er registrert frå Masfjorden ved Holmane og opp til Svartdalen kraftverk i Øvredalen. I Vann-Nett er den oppgitt med god kvantitativ og kjemisk tilstand og er i liten grad påverka av avrenning frå beite, fulldyrka mark eller vegtransport. Undersøkingar av grunnvassreservoaret viser at tilgangen til vatn er god og at brønnane ikkje påverkar elva nemneverdig. I tørrare periodar vil brønnen nærmast Storevatnet indusere vatn derifrå, og tiltakshavar skriv i søknaden at det i slike periodar skal tas ut meir vatn frå denne brønnen.

Vestland fylkeskommune er oppteken av at tiltaket ikkje skal hindre dei nærliggande vassførekomstane Storevatnet bekker (067-177-R) og Meisdalsvatnet utløpselv (0667-260-R) i å oppnå god økologisk tilstand.

NVE meiner at vassuttaket er ubetydeleg i forhold til storleiken av Storevatnet, og kan heller ikkje sjå at grunnvassførekomsten eller nærliggande vassførekomstar blir forringa på nokon måte av omsøkt vassuttak.

Vasskvalitet

Langtidsprøvepumping blei utført i perioden 16.04.2024-30.09-2025 og viser at grunnvatnet sin fysiske og kjemiske kvalitet tilfredsstiller *Drikkevassforskrifta* sine krav til godkjent drikkevatn.

Samfunnsmessige fordelar

Utbygging av ei ny vasskjelde i Øvredalen sør for Storevatnet vil sikre Masfjorden kommune tilstrekkeleg med trygt drikkevatn til sine brukarar og nabokommunen Gulen. Dagens vassløysning vil fungere som reservevasskjelde i kommunen.

Mattilsynet meiner det er viktig at Masfjorden kommune stettar kravet til leveringssikkerheita i kommunen, både med ny vasskjelde, og at kommunen samstundes får på plass ei reservevassløysning. Dei meiner at omsøkt tiltak vil sikre innbyggjarane tilgang til trygt og nok vatn.

NVE er einig med Mattilsynet og legg vekt på det samfunnsmessige perspektivet ved handsaming av søknaden. Brønnområdet er godt eigna som vasskjelde og vil sikre kommunen tilstrekkeleg med trygt og reint drikkevatn.

Oppsummering

Masfjorden kommune i Vestland har behov for å auke kapasiteten ved Masfjorden vassverk. I tørre periodar klarer ikkje vassverket å dekke etterspørselen, og innbyggjarane får i desse periodane restriksjonar på bruk. Kommunen planlegg difor eit nytt grunnvassanlegg sør for Storevatnet i Øvredalen og søker om eit maksimalt uttak på 25 l/s. Vassuttaket skal fordelast på to



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

grunnvassbrønner (B1 og B2) etablert i breelavsetningar i 2022. Utløpselva til Meisdalsvatnet renn like sør og vest for brønnområdet, medan brønn B2 ligg nære Storevatnet og får delvis indusert vatn derifrå i tørrare periodar. Grunnvasstraumen ved brønnane er berekna til å vere om lag 60 l/s. Langtidsprøvepumping viser trygg og nok tilgang til vatn.

Den nye vasskjelda er etablert på eit området med *naturbeitemark* som er ein raudlista naturtype. Restriksjonar rundt brønnane medfører at området blir inngjerda og beite forbode, og utan beite vil naturtypen gradvis forsvinne. Tiltaket vil dermed vere i strid med naturmangfaldlova § 4 som seier at målet er å ivareta naturtypen med sine funksjonar i sitt naturlege utbreideområde.

Statsforvaltaren ser at naturbeitemarka vil forsvinne med inngjerdinga av grunnvassbrønnane, men meiner uttak av vatn til drikkevassføremål har høg prioritet mot andre samfunnsinteresser og vil ikkje motsette seg planane. Mattilsynet uttala at dei vurderer det svært viktig at Masfjorden vassverk stettar kravet til leveringssikkerheit, og ber NVE om å leggja vekt på dette viktige samfunnsmessig perspektivet ved handsaming av søknaden.

NVE meiner brønnområdet er godt eigna som vasskjelde og vektlegg leveringssikkerheita av trygt og nok drikkevatt til befolkninga. Ei god vasskjelde har i dette tilfellet større samfunnsnytte enn å bevare naturbeitemarka. NVE meiner difor at fordelane ved tiltaket overstig skader og ulemper for allmenne interesser.

NVE sin konklusjon

Etter ei heilskapleg vurdering av planane og dei innkomne uttalane meiner NVE at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Masfjorden kommune løyve etter vassressurslova § 45 til uttak av maksimalt 25 l/s grunnvatn frå grunnvassbrønner etablert sør for Storevatnet i Øvredalen. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Dette vedtaket gjeld berre løyve etter vassressurslova.

Forholdet til anna lovverk

Forholdet til plan- og bygningslova

Forskrift om byggesak (byggsaksforskrifta) gir saker som er underlagt konsesjonsbehandling etter vassressurslova fritak for byggesaksbehandling etter plan- og bygningslova. Dette skjer med føresetnad om at tiltaket ikkje er i strid med kommuneplanen sin arealdel eller gjeldande reguleringsplanar. Forholdet til plan- og bygningslova må avklarast med kommunen før tiltaket kan setjast i verk.

Merknader til konsesjonsvilkåra etter vassressursloven

Post 1: Uttak av grunnvatn

Konsesjonen gir løyve til eit uttak av grunnvatn på inntil 25 l/s.

Det skal etablerast ein måleanordning for registrering av vassuttak, vassføring i utløpselva til Meisdalsvatnet ved tiltaksområdet, vassnivå i Storevatnet samt overvaking av grunnvassnivå. Den tekniske løysninga for dokumentasjon skal godkjennast gjennom detaljplan. Data skal kunne leggjast fram på førespurnad frå NVE, og oppbevarast så lenge anlegget er i drift.

**NVE**Norges vassdrags-
og energidirektorat

Post 4: Godkjenning av planar, landskapsforhold, tilsyn m.v.

Konsesjonen omfattar berre uttak av grunnvatn, inkludert to grunnvassbrønner, og leidningar fram til vassmålar. Måleanordningar for vassuttak, vassføring i elva, overvaking av vassnivå i Storevatnet samt overvaking av grunnvassnivå ved brønnane skal leggst fram og godkjennast av NVE før ny vasskjelde tas i bruk. Tabellen under søker å summere føringar og krav som ligg til grunn for konsesjonen. Det kan likevel skje at det er gjeve føringar andre stader i dokumentet som ikkje har kome med i tabellen. NVE presiserer at alle føringar og krav som er nemnt i dokumentet gjeld.

UTTAK AV GRUNNVANN I ØVREDALEN	
Brønner	To brønner er etablert høvesvis ca. 40 m (B2) og 110 m (B1) sør for Storevatnet i Øvredalen. Tiltakshavar opplyser i søknaden at dei vurderer å etablere ein tredje brønn for å fordele vassuttaket. Dette kan gjerast innanfor konsesjonen så lenge uttaket ikkje blir auka. Teknisk løysning for dokumentasjon av vassuttak, vassføring i elva ved tiltaksområdet, vassnivå i Storevatnet samt overvaking av grunnvassnivå skal godkjennast av NVE.
Største vassuttak	25 l/s
Gjennomsnittleg vassuttak	21 l/s
Logging og overvaking	Logging av vassforbruk skal gjennomførast kontinuerleg når brønnane er i bruk. Plan for gjennomføring av målingane skal gå fram av detaljplan og godkjennast av NVE. Resultat frå målingar skal lagrast digitalt slik at dei er lett tilgjengelege på førespurnad frå NVE. Det skal utarbeidast ein plan for overvaking av grunnvassmagasinet i forbindelse med uttaket. Planen skal innehalde forslag til korleis magasinet skal overvakast og ta føre seg tiltak som skal setjast i gong dersom grunnvassnivået går under eit definert nivå/har ei negativ utvikling over ei viss tid, eller ved andre hendingar som ikkje er i tråd med gjeldande konsesjon. Planen skal gi føringar for når (på kva nivå) det blir sett i gang tiltak og den skal beskrive korleis ein reduksjon eller stopp av uttak skal gjennomførast. Planen skal sendast til NVE og godkjennast gjennom detaljplanlegging.

Det er gjeve i tabellen i kva grad justeringar kan gjerast i samband med detaljplanlegginga. Dersom det ikkje er gjeve spesielle føringar kan mindre endringar godkjennast av NVE som del av detaljplangodkjenninga. Dersom det er endringar skal dette gå tydeleg fram ved oversending av detaljplanane.